

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Utdeling av 3-årsbok Barnas festgudsteneste



Oktobernummer – Kyrkjebakken nr. 7 2020, 49 årgang. Nytt stoff innan torsdag 12. nov



Utdeling av 4-årsbok – Barnas festgudsteneste

# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

### Laurdag 30.okt

Open kyrkje kl. 1700 – 18.00

Minnegudsteneste kl. 18.00

### Søndag 31.okt

kl. 19.00

Jazzgudsteneste med

Felix Vocalis

### Søndag 15.nov

Gudsteneste kl. 11.00

### Søndag 29.nov

Lysmesse med  
konfirmantane kl. 19.00

### UTGJEVINGSPLAN

### KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering 12.nov  
utgjeving 26.nov (Julenummer)

Frist innlevering 14.januar  
utgjeving 28.januar

# Å vinna over det vonde

Nyleg snakka eg med ein kristen fulani i Mali. Eg spurte om situasjonen i landet har vorte betre. Han svarte avkreftande. Så fortalte han ei historie frå ein nabolandsby. Tidleg om morgonen på marknadsdagen kom menn frå ein etnisk basert milits i 10 bilar og på 10 motorsyklar og støtta av to militærhelikopter til landsbyen. Dei drap 7 fulaniar og tok fleire andre med seg til næraste større by, der dei no forlangar kr 7500 i løysepengar per person for å sleppa dei fri. Militsten var i landsbyen om lag ein time før dei forsvann. Etter at dei reiste kom medlemmar av ei militant islamistgruppe inn til byen. Dei drap fleire medlemmar av den andre etniske gruppa før dei trekte seg attende.

Slik heldt syklusen av hemn og mothemn fram. Det er ein syklus som er svært vanskeleg å bryta. Overgrep skaper sår og bitterheit og hat, og kanskje også eit ønskje om at den andre skal lida. For å bryta hemnen sin syklus må ein ha ein enorm indre styrke.

Jesus sa: « Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born.» (Matteus 5,9) Jesus hadde ein så stor indre styrke at han ikkje søkte hemn då han vart håna og plaga og fornedra. Ikkje ein gong då han vart krossfesta forbanna han sine fiendar. Han bad om at Gud måtte tilgjeva dei. Slik vart Jesus den som for første gong braut hemnen og vondskapen og all djvelskap sin endelausa syklus. Han let det i staden skulda over seg sjølve og tok det med inn i døden. Jesu død og oppstode er difor ei ny byrjing for oss

menneske. Byrjinga på ein ny verden, eit evig liv, og ein ny måte å vera menneske på. Ut frå Jesus sitt liv og død underviste dei første kristne som følgjer:

«Løn ikkje vondt med vondt; ha tanke for det som er godt for alle menneske. Gjer alt de kan for å halda fred med alle menneske, så langt det er mogleg. Ta ikkje hemn, mine kjære, men overlåt vreiden til Gud. For det står skrive: Hemnen høyrer meg til, eg skulda gjengjelda, seier Herren. Men:

**Er fienden din svolten,  
så lat han få mat,  
er han tørst, så gjev han drikke.  
Gjer du det, samlar du glødande kol  
på hovudet hans.**

Lat ikkje det vonde få vinna over deg, men vinn over det vonde med det gode!» (Romane 8,17-21)  
Lat oss be om indre styrke til å følgja Jesus på fredens veg og vinna over det vonde med det gode i våre liv!

Frode Brügger Sætre





# Austrheim sokn



## Døypte

**18.oktober:**

Aksel Austrheim Nordgard  
Jonas Fredriksen  
Lino Lerhagen Wærøy

## Gravlagde

**6.oktober:**

Gunnar Eivind Kvalvågnes  
f. 1933. Bisetjing.



### Mange takk

for oppmerksomheten på min  
87-årsdag. Takk til han som brakte gaven for  
en hyggelig samtale ute i solskinet.

Hilsen Jørgen Thorsen.

### Takk

til diakoninemnda for gåva eg  
fekk til 83 års dagen min.

Helsing Svein E Pedersen

### Takk

Takk til diakoninemnda  
for oppmerksomheten eg fekk på  
82 årsdagen min.

Hildur Isaksen

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller**



## MINI FRISØRSALONG

Ønker velkommen  
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Årårshøgda 19.  
Timebestilling: Man- Fre.  
Telefon 56169200/ 95214616



Alla Kurinna

**Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset**

MNTF



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

**Telefon vakt 56 16 98 35**



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no


**Vatne  
Begravelsesbyrå**

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning  
og tilrettelegging  
ved begravelser  
og bisetelser.

**Ring døgnvakt:  
56 35 09 10**  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

# Min salme

Denne salmen har vore min sidan sommaren 2020. Eg lærde den då eg gjekk i skulen for mange, mange år sidan, men først i år har den vorte levande for meg.

2020 har vore eit spesielt år der mange har hatt vonde opplevingar. Denne våren og sommaren mista me to av våre nære og kjære, og me sit att med savnet.

Når du kjenner at den trygge grunnen under deg smuldrar vekk og du misser taket, kva gjer du då?.....Då er det godt å ha eit trygt og sikkert feste utanom deg sjølv, noko som held i liv og død!

Det føler eg denne salmen set ord på, både for dei som veit dei snart skal døye og for dei som sit att.

Han Kasper, svigerfaren min, sa mange kloke ord, og eit av dei var: **“Det er godt for dei som sit att i sorg, når dei som “reiser” legg att ei tydeleg adresse!”**

Det er viktig at målet er bestemt her.

**Helsing Herdis Gjerde**

*Salmen står på nr 497 i Norsk Salmebok:*

- 1. Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.  
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst.  
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,  
jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.*
- 2. Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.  
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.  
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei,  
fra himlens høye saler hans øye følger meg.*
- 3. Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.  
Min synd jeg stilt bekjenner for ham, min høye gjest.  
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt,  
for natten han vil råde med hellig guddomsakt.*
- 4. Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.  
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.  
Han gir meg stav i hånne, han gir meg trøst i sinn,  
og glemt er ve og vånne på vei til himlen inn.*



## ELDREDAGEN

**Dessverre måtte feiring av eldredagen gå ut denne høsten.**

Koronasmitten kom til Austrheim, og påmeldingen var minimal. Vi får satse på skikkelig feiring neste år. Ellers er eldrerådet i gang med møtene sine.

Vi har hatt 2 møter i høst, i tillegg til konstitueringsmøte i juni. Representanter fra eldrerådet har også deltatt på 3 videomøter med fylket.

**Ta gjerne kontakt med rådet om du som er i aldersgruppen eller er pårørende til eldre har noe du vil ta opp overfor kommunen, og synlig for de eldre.**  
**Bruk tlf 90850850 eller mail svjoh@online.no hvis du ar noe på hjertet.**  
**Begge adr er til leder i eldrerådet.**

*Austrheim eldreråd - Gro Johannessen - leder*



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

# GUDSTENESTE FOR ALLE

Endelig kunne me ha Gudsteneste for alle. Det har vore eit langt opphald, og det gjorde godt å samlast igjen. Rune prest aktiviserte fleire i rollespel om Marta og Maria som hadde mista broren sin, Lasarus. Ein fin kveld som vart avslutta med bollar, lappar, saft og kaffi.





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar  
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUD- BIBLIOTEKET:

**Onsdag kl. 14.00 - 19.00**  
**Tysdag og fredag kl. 10.00 - 15.00**

**Tlf.nr. 56 16 20 07**

E-post:  
[bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

**Tlf.nr. 56 16 21 61**

E-post:  
[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)



Utfører vasking,  
 rensing  
 og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.

**Legevakt 116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl. 08.30 - 15.00.**

Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
 13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Års helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
 (ring Nordliheimen etter kl. 15.30)

# KYRKJA OG KORONAÅRET

Det har vore eit spesielt år; eit koronaår. Alt vart stengt ned 12.mars, då regjeringa lukka ned alt av aktivitetar, skular, barnehagar, offentlege kontor, kyrkjer og anna friviljug arbeid

Kyrkja i Austrheim var stengt uavhengig av koronaepidemien, grunna utbetringsarbeidet inni kyrkja. Planen var å få opna opp i starten på april og før påske. Plutseleg fekk Markhus bygg eit par veker ekstra til å gjera alt ferdig, utan at dei trengte å engsta seg for eventuelle dagmulktar. I denne samanhengen var det like greitt, og dei fekk dermed god nok tid til å ferdigstilla taket over koret i kyrkja, fiksa nedløpa og mala veggane på koret utvendig med det same.

## Gudstenester og konfirmasjon:

Men vi kunne ikkje møtast til gudsteneste. Ikkje fekk konfirmantane reisa på leir heller. Heldigvis var dei ferdige med konfirmantundervisninga, det som gjenstod var då samtalegudstenesta og konfirmasjonsgudstenesta, då med unntak av leiren. Trusopplærar Amelie arrangerte istadenfor ein utedag med grilling utanfor kyrkja før sommarferien. Som eit plaster på såret for at det ikkje vart leir, vart konfirmantar og foreldre inviterte til festleg samvær i Kilstraumen veka før konfirmasjonen. Sjølv konfirmasjonsdagen, som i mange år har vore siste søndagen i mai, vart utsett til siste søndag i august istadenfor.

Etterkvart vart det opna for at det var mogeleg å samlast inntil 200 personar innvendig til offentlege arrangement. Samstundes måtte det vera 1 meters avstand mellom dei som kom til kyrkja. Unntaket frå dette var dei som budde i same husstand. Dei kunne sitja tett. På grunn av meterskravet var og er det ikkje mogeleg å samla 200 personar i Austrheimkyrkja uansett. Til konfirmasjonsgudstenestene måtte vi laga heilt nøyaktige sitjekart, der det på førehand var kjent kven som kom. Her gjorde trusopplærar Amelie ein stor jobb med planlegginga. Vanlegvis har vi 2 konfirmasjonsgudstenester i Austrheim. Staben hadde tenkt at vi grunna avstandskrava skulle dela gudstenestene opp i 4, og ha alle på same dag. Dette gjekk ikkje soknerådet med på og meinte at 4 gudstenester ville føra til at dei vart for korte, og ein ville mista noko av verdigheita rundt denne spesielle dagen. Vi landa difor på 3 gudstenester og klarte då akkurat å få nok plass til alle konfirmantane, og alle fekk ha med seg sine aller nærmaste. Gudstenestene vart korta litt ned i forhold til det som er vanleg. Men tilbakemeldingane var gode, og vi har eit inntrykk at alle opplevde dette som ein flott og verdig dag. Vi var først ute i prostiet med konfirmasjonsgudstenestene i dette koronaåret og det gjekk veldig bra, grunna god hjelp frå mange friviljuge og staben. Og vëret zvar nydeleg.

Etter at det vart opna opp for å ha gudstenester har vi kunna samlast utan så mykje ekstra planlegging til dei ordinære



gudstenestene, der det ikkje har vore dåp eller andre ekstra programpostar. For å unngå for mange inn på ei og same gudsteneste, har vi praktisert fleire dåpsegudstenester, då helst etter den vanlege gudstenesta. Det som har vore uvant er at vi må skriva opp alle som er tilstades med namn og telefonnummer. Kyrkerådet var ikkje begeistra for denne praksisen, men dei har måtta gje seg, fordi omsynet til å kunna driva smittesporing er viktigare. Då koronasmitta gjorde seg gjeldande i Austrheim no i september, måtte vi avlysa barnas festgudsteneste. Vi hadde i tillegg lagt opp til ei eiga festgudsteneste for 50 årskonfirmantane. Den valde vi også å avlysa, fordi fleire av dei påmelde kjende seg utrygge i tillegg til at dei generelt sett er i risikogrupper. Vi håpar å ta dette igjen seinare.

### Gravferder:

Vi fekk ha gravferder også etter 12.mars, men med klåre avgrensingar på kor mange som kunne samlast. Gravferder vart frå sentralt hald vurdert å vera så livsnødvendig å gjennomføra at det uansett ikkje var aktuelt å nekta desse sermoniane. Sidan kyrkja var stengt heilt i starten av denne epidemien, måtte vi ha gravferdene frå Leirvåg bedehus. Vi har heile tida hatt eit godt og konstruktivt samarbeid med gravferdsbyråa.

### Anna trusopplæring:

Det er allereie nemnt at det ikkje let seg gjera for konfirmantane å reisa på leir. Barnas festgudsteneste i september måtte gå ut og vart tatt opp igjen i oktober. Presentasjonsgudstenesta for dei nye

konfirmantane gjekk ut, og vi kjem til å presentera dei nye i Kyrkjebakken istadenfor. Døgnleiren på Rongevær i juni, måtte vi også avlysa. Det har såleis vore mange ting vi ikkje har kunna gjera dette spesielle året.

### Framsyingar på nett:

Her i Austrheim har vi flinke og kreative folk i staben, som har snudd seg rundt og kommunisert ut på alternative måtar. Kyrkja i Austrheim har tatt den digitale utfordringa på strak arm og produsert mykje fint som har vorte lagt ut på nettet. Vi må få trekkja fram vår dyktige medarbeidar Jostein Hauge, som med sin tekniske kompetanse har lagt til rette for «Gudstenester frå kjøkkenbenken» (eit samarbeid med Fedje), «Min salme» og «Kveldstankar frå kajakken» for å nemna noko. Mykje av dette ligg framleis på heimesidene og tåler godt ein repetisjon. Det som har vore så fint med dette er at mange har blitt involverte, og svært mange har sett på. Slik sett har nedstenginga ført noko fint med seg også: Vi har på ein del område nådd lengre ut enn vi elles ville ha gjort.

Likevel, sjølv om vi er midt i dette maratonløpet og vi lever med begrensingar: Vi gler oss og ser fram til at alt vert normalt igjen, at «alt vert bra» som barna uttrykkjer det. Ingenting erstattar den menneskelege kontakten, det fysiske møtet og dei gode fellesskapa. Kanskje vi ser meir verdien av dette når vi ein dag har kome i mål på dette løpet?

**Leif Arne Økland, kyrkjevevjerje.**

# ÅRÅS BEDEHUS

**Søndag 25. okt kl 11:00 Formiddagsmøte. Leiv Nesheim talar.**  
**Tirsdag 10. nov kl 19:00 Bønnekveld**  
**Søndag 22. nov kl 11:00 Formiddagsmøte, Odd Sverre Hove talar.**  
**Søndag 6. des. kl 11:00 Adventsmøte, Asle Hetlebakke talar.**

*NB Bedehusdagen vert ikkje arrangert i år.*

*Du kan likevel støtte drifta av Årås Bedehus via VIPPS 518275 og til kontonr 3490.30.07488. Du er med i trekninga av eit gåveort på kr 1000. Takk for di gåve. Trekning 1. desember.*

*Følg med på facebook og websida for evt endringar i møteform som følge av smitte-situasjonen.*

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
 Austrheim Indremisjon på Facebook.



## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Onsdag 4.nov kl 19:00 Israelsmøte:** Arvid Bentsen

**Søndag 8. nov kl 11:00 Møte:** Torsten Mentzoni

**Søndag 22. nov kl 11:00 Møte:** Rolf Helge Ødegård  
 fra Evangeliesenteret i Bergen

### Ungdomskvelder

Fredag 6.nov kl 19:30

Fredag 20.nov kl 19:30

Fra 7.klasse

### Bønnesamlinger

Onsdager kl 19:00

# HELGEMESSE MED OPEN KYRKJE OG JAZZGUDSTENESTE

**I år vil vi prøva noko nytt i helgemessehelga. Mange tenner lys og steller gravene til sine kjære lørdag før helgemesse.**

**Vi vil difor og opne dørene til kyrkja denne ettermiddagen,**

**LAURDAG 31. OKTOBER,  
FRÅ KL. 17.00 – 18.00**

**og invitere til ei stille stund i kyrkja med høve til å tenna lys i lysgloben, eller berre kjenna at det er godt å vera stille i kyrkjerommet.**

Det vil bli roleg musikk i kyrkja denne timen. Kl. 18.00 vil det bli ei enkel minnegudsteneste der vi vil lesa opp namna på dei vi har følgt til grava sidan sist helgemesse.

Dei pårørende vil få skriftleg invitasjon, men gudstenesta er open for alle.

Kyrkja markerer oktober som sorgmånaden, både i prostiet og nasjonalt, og vi vil på denne måten vera med og gje sorga plass i kyrkja og bygda vår.

I år fell Helgemesse på søndag 01. november. Frå katolsk tid var dette ein viktg festdag som alltid blei feira 01. november. I vår kyrkje kårar vi ikkje helgenar, men vi feirer likevel alle dei som har ført den kristne trua vidare til stadig nye generasjonar. I år fell og helgemesse på 01. november og det er ekstra naturleg å feira Helgemesse i kyrkja på denne søndagen.

Kl. 19.00 inviterer vi difor til ei jazzgudsteneste der koret Felix frå Frekhaug vil vera med, og Kjell Bergsvik tar med seg saksofonen heim for å gle oss med sin musikk.

## Felix Vocalis

**Vi tok ein prat med dirigenten for koret Felix, Jannicke Wisløff Åsebø, for å bli litt meir kjent med dei vi får besøk av på gudstenesta denne helgemesa**

### **Kva kor er Felix og kvar kjem de frå?**

Felix Vocalis er et blandet kor fra Frekhaug. Vi prøver å ha et variert repertoar, men ligger nok en del i gospel-sjangeren. Ellers er det viktig for oss at koret skal være et godt sted å være for alle. Så miljøfaktoren er også viktig for oss.

### **Kvifor namnet Felix?**

Det var ikke så lett å finne på et navn til koret da vi startet opp for snart 10år siden. Men vi endte på Felix som betyr lykke. Vi håper at man kan få litt lykkefølelse av å synge sammen og også av å høre på oss.

Ihvertfall gode følelser. Etter noen år la vi til Vocalis, mest for å spesifisere noe mer at vi er et kor.

### **Kva vil vi fi**

Denne kvel fra eldre dato, reg og noen pakket inn i ny drakt. F.eks. "Da Jesus satte sjelen fri" i en litt annen variant enn hva vi vanligvis hører. I tillegg til Just a closer walk og Precious Lord.

### **Noko elles du vil sei???**

Vi gleder oss veldig til å være med i Austrheim kirke denne kvelden. Det er spesielle tider vi lever i, og det går langt mellom opptredene våre. Og aller viktigst for oss er det å få formidle og dele et fantastisk budskap.





## Utlodning i "Kjerringrokken" og Soknerådet til inntekt for Misjonsprosjektet til Austrheim Kyrkjelyd i Mali.

Vi hadde håpa å kunne arrangere Temakveld saman med Frode Sætre og halde basar på Kyrkjelydshuset i år og, men slik blei det ikkje i haust. Det har likevel vore selt loddbøker, og desse vart trekt på ei lita samling i Kjerringrokken 21.09.20.

Det er selt lodd for kr 20 000 og heile dette beløpet går til NMS og prosjektet som Frode arbeider med i Mali.

Alle gevinstane er gåver og har ein samla verdi på kr 5850.

Vi vil takke alle som har støtta prosjektet ved å kjøpe lodd!

Takk også til dei som har bidrege med gevinstar.

Sidan det ikkje vart helde open basar, tek vi også med trekningslista,



## OG VINNARANE ER:

1. Gåvekort Bok og Papir: Eldbjørg Vikane
2. Gåvekort frå Kilstraumen, Raspeballmiddag for to: Kjellaug Skår
3. Pannesett: Oskar Øksnes Haglund
4. Sengesett 2 personar: Siv Hopland
5. Ullpledd: Noah Lerøy Sørensen
6. Blender: Jostein Hauge
7. Osteklokke: Solveig Lerøy
8. Gåvekort Hageland: Eli Birkhaug



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM

